

# Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

## KIRKEN

Sykehuskirken finner du i 1.etg. ved heisen i det gamle sykehusbygget. Fra Nye Haraldsplass finner du veien til kirken ved å ta heisen til 2. etg., gå over "broen" og ta heis eller trapp ned til 1. etg. Kirkerommet er alltid åpent, og du kan tenne et lys eller bare ha en stille stund for deg selv. Trenger du assistanse for å komme til kirken vil personalet eller frivillige følge deg dit.

Det er gudstjeneste med nattverd kl 11:00 de fleste søndager. Dersom du ønsker nattverd på rommet, sier du fra til personalet som formidler beskjed til presten.

## SAMTALER OG SJELESORG

**Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon.** Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 2000. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

*Hilsen sykehusprestene*

*Karl Hjelmeland , John Kristian Rolfsnes og Kristin Lørdøen Hope*



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus

**i** Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 [www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestedtjenester

# Søndagshilsen

## 7. søndag i treenighetstiden

### 19.07.2020



**Det er for tiden ikke gudstjenester i Sykehuskirken på Haraldsplass på grunn av koronasituasjonen**

## 7. søndag i treeiningstida

**Tekst: Luk 15,1-10**

1 Alle tollarane og syndarane heldt seg nær ved Jesus og hørde på han. 2 Men farisearane og dei skriftlærde murra og sa seg imellom: «Denne mannen tek imot syndarar og et i lag med dei.» 3 Då fortalde han dei denne likninga: 4 «Om ein av dykk har hundre sauer og mistar éin av dei, lét han ikkje då dei nittini vera att ute i øydemarka og går av stad og leitar etter den bortkomne sauen til han finn han? 5 Og når han har funne han, blir han glad og tek han på akslene sine. 6 Straks han kjem heim, kallar han saman vener og naboar og seier til dei: 'Gled dykk med meg! Eg har funne att den sauen som var bortkomen.' 7 Eg seier dykk: På same måten er det større glede i himmelen over éin syndar som vender om, enn over nittini rettferdige som ikkje treng omvendning. 8 Eller om ei kvinne har ti sølvpenngar og mistar éin, tenner ho ikkje då ei lampe og sopar heile huset og leitar vel til ho finn han? 9 Og når ho har funne han, kallar ho saman veninner og nabokoner og seier: 'Gled dykk med meg! Eg har funne att det pengestykket eg hadde mista.' 10 På same måten, seier eg dykk, blir det glede mellom Guds englar over éin syndar som vender om.»



## Ingen å misse

Ved innkjørselen til enkelte bustadområder har eg sett eit skilt med følgjande tekst: Her er det mange barn, men vi har ingen å misse!

Det gjer alltid eit inntrykk på meg. Så lenge eg har hatt førarkort har det vore den store skrekken for meg at eg skal køyre på eit barn. Nyleg skjedde det ei tragisk ulukke i Geiranger der eit lite barn fall i elva og drukna. Mora som hoppa etter vart berga med eit nødskrik.

Vi kjenner det i kroppen kor vondt dette er. Nei, vi har sannelig ingen barn å misse!

I bibelteksten for denne søndagen kan vi lese at Gud har det på same måten. Han har ingen barn å misse! Og her er det snakk om barn i alle aldrar. Gud ynskjer å vere ein himmelsk far for alle sine skapningar. Kvar einaste menneske er dyrebart og kjær for han.

I vanlige familiar skjer det ofte ein lausrivningsprosess i tenåra. Ungdommen må lære seg å stå på egne bein. Men berre unntaksvis skjer det at barnet, eller ungdommen bryt kontakten heilt med mor og far. Men det kan dessverre skje.

Også i forhold til Gud kan vi komme på avstand. Bibelteksten vår fortel at Gud leitar etter den som har komme bort. Han har ingen å misse.

Vi kan alltid vite uansett kva vi har gjort eller korleis livet har blitt at vi kan få komme heim igjen til vår himmelske far viss vi ynskjer det.

God helg!

Karl Hjelmeland

Sjukehusprest